

02.08.2010**- Må bruka kvelden til kantslått**

E. Opedal & Sønner har fått klage over at dei driv med kantslått om natta tett på bustader i Korsnes og Per Magne Eikenes i firmaet har no kommentert klaga i Kvinnheringen.

Han peikar på at dei har mykje å rekka over og at dei er nøydde til å bruka kvelden for å klara alt. Han peikar også på tryggleiksomsynet for mannskapa og omgivnadane.

Maskinane er store, vegane nokon stader smale og kantslåtten kan også medføra steinsprut.

Både for sjåførane og for dei som ferdast i området er det difor ein fordel å utføra arbeidet når biltrafikken er liten og folk held seg inne.

Likevel prøver dei å halda seg borte frå dei mest tettbygde strøka på natterstid.

Eikenes ber om forståing for rutinane og kan ikkje lova noko endring.

Vegvesenet preiserer at entreprenøren etter kontrakta skal ta omsyn til omgivnadene slik at arbeidet er til minst mogeleg sjenanse.